

Region Nordhordland Helsehus (RNH)



ILLUSTRAISJON: MIR

LINK ARKITEKTUR

Orientering til Regionrådet Nordhordland, 14.juni 2021



Helsehuset

- ✓ brukarvenleg
- ✓ bærekraftig
- ✓ framtidsretta

Om prosjektet – Region Nordhordland Helsehus

Hovudmål:

Å realisera eit Helsehus som legg til rette for brukarvennlege, berekraftige og framtidsretta løysingar, der kommunale, interkommunale og spesialiserte helsetenester vert samlokalisert og samarbeider på tvers av tenester og nivå.

Bygget skal utformast slik at det legg til rette for samarbeid og samhandling på tvers av ulike fagmiljø og tenestenivå.

Oppdragsgjevarar:

9 kommunar i Nordhordland; Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy

Prosjektansvarleg for byggeprosjektet:

Region Nordhordland Helsehus IKS (RNHI) - har fått ansvaret for oppføring, utleige av areal, drift og vedlikehald av bygget, og skal levera rom og areal i samsvar med behovet til / bestillinga frå leietakarane, og i tråd med rammene for prosjektet.

I bygget er der kommunale tenester, spesialisthelsetenester og tannhelseteneste, kafeteria og kunnskapssenter med møtefasiliteter - fordelt på 6 etasjar = 13 230 kvm BTA.

I tillegg utgjer parkeringsanlegg og teknisk areal i underetasje 3 594 kvm BTA.

Totalt er bygget på **16 824 kvm BTA**

På dagtid vil meir enn 200 personar ha sitt virke i bygget. I tillegg vil det vera aktivitet på kveld, natt og helg.

Meir enn 400 brukarar/pasientar vil gå inn og ut av Helsehuset kvar dag.

Tenester i bygget:

Kommunale tenester:

- Fysio- og ergoterapi
- Fastlegekontor
- Kommunepsykologar
- Helsestasjon
- Jordmorteneste
- PPT
- Psykisk helse og rus
- Barnevern
- Legevakt – interkommunal
- ØH-døgnplassar - interkommunal

Hordaland fylkeskommune:

- Tannhelsetenesta

Spesialisthelsetenester:

- Ambulanse
- Dialyse
- HUD - poliklinikk
- Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP)
- Bjørgvin DPS, poliklinikk
- Avdeling for rusmedisin – ikkje endeleg avklara
- Blodprøvetaking/Laboratorium
- Psykologspesialist med avtaleheimel
- Haraldsplass Diakonale sjukehus – polikliniske tenester
- Andre legespesialistar – ikkje avklara
- Radiologi – ikkje avklara

Kva veit vi om morgondagen – er vi førebudd til å møta den?

- Kva veit vi om morgondagen(kunnskapsgrunnlaget)?
 - Demografisk utvikling
 - Sjukdomsutvikling
 - Ansvars- og oppgåvedeling
 - Forventingar og krav frå overordna hald, samfunnet og innbyggjarane
 - Auka behov og forventingar til samarbeid og koordinering
- ..og er vi godt nok førebudd til å møta framtida?
 - Tilgang på kompetanse og arbeidskraft
 - Forvalting av ressursane
 - Førebygging og helsefremjande arbeid
 - Samarbeid med frivillig sektor og sivilt samfunn
 - Innovasjon og nytenking
 - Digitalisering av samfunnet – korleis påverkar det framtidige måtar å samarbeide på?
- Kva kan Region Nordhordland Helsehus bidra med og legge til rette for?
- Kan samarbeid om fag- og tenesteutvikling bidra til å realisere mål og formålet med Helsehusprosjektet?

Fag – og tenesteutvikling i og rundt helsehuset

Målet med Helsehusprosjektet:

«Å realisera eit Helsehus som legg til rette for brukarvenlege, bærekraftige og framtidsretta løysingar, der kommunale, interkommunale og spesialiserte helsetenester vert samlokalisert og samarbeider på tvers av tenester og nivå».

Formålet er å:

- betra helse og tryggleik for innbyggjarane i Nordhordland
- styrka samarbeidet mellom kommunane i regionen, spesialisthelsetenesta og sivilt samfunn gjennom auka dialog, utvikling av gode samarbeidsløysingar og tenleg oppgåveløysing
- bidra til rekruttering og auka kompetanse innan helse- og omsorgssektoren

Med utgangspunkt i prosjektets mål og formål tok overordna leiing i Lindås kommune og i Helse Bergen i 2019 eit initiativ til å starta arbeidet med ei felles satsing på Fag – og tenesteutvikling i og rundt Helsehuset.


Oppstart av utgreiings- og konsept fase for prosjekt **Fag og tenesteutvikling i og rundt helsehuset** vart vedteke, og prosjektleiar vart engasjert frå januar 2020.

Januar – juli:

- Etablere prosjektorganisasjon
- Kartlegging av forventningar, moglege samarbeidsområde og tiltak
- Utarbeide utkast til prosjektskisse med prosjektmandat
- Søknad om skjønsmidlar til koordinering og leiing av arbeidet

Helsehuset – arena for samhandling
Planlegginga av tenestetilbodet – må spegle behov for koordinering – vi skal framleis vere ulike organisasjonar – men det skal ikkje huset bære preg av.
Vi må tørre å gå nye vegar – vi må dyrke fram innovasjon og nytenking.
Dette er eit særleg ansvar som ligg på leiarane for dei ulike tenestene (Geir Lien , Helse Bergen)

Resultat etter kartlegging med ei førebels analyse



Oppdrag og organisering i utgreiings- og konseptfasen :

Oppdrag:

- å utarbeida ein overordna plan for samarbeid om Fag- og tenesteutvikling i og rundt Helsehuset

Styringsgruppa:

Samarbeidsutvalet for Nordhordland - supplert med representant frå Fylkestannlegen og frå oppvekstsektoren i kommunane
Har det overordna ansvaret for planlegging og gjennomføring.

Prosjektgruppa:

Prosjektgruppa får i oppdrag å utarbeida forslag til ein overordna plan for samarbeid om fag- og tenesteutvikling i (og rundt) Helsehuset med utgangspunkt i overordna formål med Helsehusprosjektet. (mandat)

Samansetting:

- 2 frå Alver kommune
- 3 frå Helse Bergen
- 2 frå samarbeidskommunane
- 1 frå HDS
- 1 frå Fylkestannlegen
- 1 frå NUI


Mandatet for arbeidet tar utgangspunkt i formålet med helsehusprosjektet. Godkjent av styringsgruppa oktober 2020

Prosjektgruppa:

- Helge Kvam, Ansvarleg for fagutvikling stab, Alver, nestleiar
- Solveig Elvik, Rådgjevar Oppvekst, Alver
- Fredrik Hiis Bergh, Klinikkdirektør Bjørgvin DPS, HB
- Malin Daae Steine, Leiar helseavdelinga Masfjorden, repr. samarbeidskommunane
- Elena Sandgathe, Rådgjevar Samhandling, HDS
- Harald Isdal Kvamme, Klinikkleiar Vestland tannhelseteneste
- Anne Kvalheim, rådgjevar Seksjon samhandling, HB
- Bjørnar Fjellhaug, leiar oppvekst Austrheim, repr. samarbeidskommunane
- Tonje Husum Aarland, Rådgjevar RNI
- Anne Hildegunn Færøy, prosjektleiar RNI

Hovudoppdraget;

- Utarbeide forslag til ein felles plan for fag- og tenesteutvikling i og rundt helsehuset.
- Skisse til plan skal leggast fram for styringsgruppa mai 2021
- Endeleg plan skal leggast fram for styringsgruppa til handsaming 4. kvartal 2021



Arbeide etter tre arbeidsliner/innsatsonråde:

1. Planlegge for etablering og utvikling av **Kunnskapscenteret** som ein arena for samhandling, læring og kompetansebygging
2. Legge til rette for **tenesteutvikling** mellom fagområda og tenestenivå i og rundt Helsehuset
 - Etablere arbeidsgrupper på bakgrunn av identifiserte samsoner = samsonegrupper
3. Utarbeide felles portal for **informasjon og kommunikasjon**

Døme på aktuelle tiltak og satsingsområde :

Kunnskapssenteret:

- Semje om å tilsetje ein felles koordinator og leiar for utviklingsarbeidet, finansiert av samarbeidspartane
- Innhente kunnskap og erfaring frå andre kunnskapsklynger (FoU avd. HB, Alrek helseklynge, Kunnskapskommunen HO Vest m.v.)
- Samarbeid med forskings- og utdanningsmiljø
- Innspel til konkrete kurs og kompetansehevande tiltak er meldt inn
- Undervise og lære av kvarandre
- Felles opplæringsprogram på tvers av nivå

Tenesteutvikling:

- Etablere nettverk og faglege samarbeidsarenaer
- Utvikling og bruk av digitale samkonsultasjonar
- Kvinnehelse i eit livsperspektiv
- Førebyggande arbeid og tidleg innsats
- Felles innsats for heimebuande med demens
- Praktisk samarbeid mellom avdelingar i bygget(logistikk)
- Friskliv-, læring og meistring; sektorovergripande.
- Samarbeid mellom legevakt og AAT Bjørgvin DPS
- Samarbeid rundt akuttmedisin
- AFR - samarbeid kommune – til stades i RNH
- Bygge vidare på det som er av samarbeid og etablerte nettverk mellom kommune- og spes.helsetenesta
- Dei vanskelige overgangane
- Få brukerstemmen mer tydelig frem, involvere brukarar på systemnivå.

Portal for informasjon og kommunikasjon

Felles nettside er under utvikling

- Forslag frå Helse Bergen (FoU avd.)*
- Etablere senter for simulering og ferdighetstrening
 - Studenter/elever, praksis, masteroppgaver, PhD
 - Samarbeid om digitale helsetjenester
 - Forskningsstøtte; rådgjeving, datafangst, prosjektkoordinering, monitorering m.v.

Skisse til plan

Del 1 – Styringsdokument

- ❖ Ingress / om denne planen
- ❖ Bakgrunn
- ❖ Felles prinsipp for samarbeid
- ❖ Prioriterte satsingsområde med formål og mål
- ❖ Organisering og struktur for oppfølging og evaluering av planen
- ❖ Økonomi / ressursbehov
- ❖ Evaluert kvart 4 år

Del 2 - Handlingsplan:

- ❖ **Handlingsplan** med konkretisering av mål, tiltak og ressursbehov
- ❖ **Operasjonalisering** av prioriterte satsingsområde
- ❖ **Levande dokument;** Evaluering og oppdaterast årleg
- ❖ Utarbeidast i **samarbeid med ressurs** for koordinering og leiing

Er vi på rett veg for å møte morgondagens utfordringar?

Kva kan helsehuset og samarbeid om fag- og tenesteutvikling bidra med?